



Årsmelding 2016

7. DRIFTSÅRET

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad
Organisasjonsnummer: 996 124 789

STYRANDE ORGAN 31. DESEMBER 2016

GENERALFORSAMLING:

Medlem kundevald:

Torgny Nundal	Husnes	Leiar
Bjørn Terje Eikeland	Sandvoll	Nestleiar
Ingvill Gåsemyr Sæberg	Dimmelsvik	
Lars Arne Revne	Ølve	
Kjell Yri	Uskedalen	
Ingvald Nedrevåg	Seimsfoss	
Lill Britt Urheim	Ølve	
Terje Eikemo	Holmedal	
Steinar Haugan	Valen	
Inger Lise Bondhus	Mauranger	
Kristian Hus	Husnes	
Hans Jakob Berge	Ølve	
Asbjørn Soltveit	Rosendal	
Ann Elisabeth Enes	Ænes	
Grete Lise Sjø	Valen	

Medlem kommunevald:

Marit Bakke	Dimmelsvik
Hans Petter Jacobsen	Mauranger
Vibeke Fredheim Røssland	Valen

Varamedlem kundevald (prioriterte):

Lise Christensen Sætrevik	Rosendal
Jørn Hjelmeland	Seimsfoss
Torill Lyngnes	Matre
Oddvar Eikenes	Husnes
Anne Kristin Håvik	Sunde
Julie Kambe	Valen
Frank Søllesvik	Dimmelsvik

Varamedlem kommunevald (prioriterte):

Stig Eide Rusten	Valen
Gaute Lund	Dimmelsvik

STYRE:

Medlem:

Svein Arne Eidsvik	Herøysundet	Leiar
Frøydys Sjø Fjellhaugen	Matre	Nestleiar
Synnøve Solbakken	Valen	
Jorunn K. Nordtveit	Valen	

Varamedlem (prioriterte):

Gunnar Våge	Løfallstrand
Magnhild Haugland	Uskedalen
Jan Magnus Aasen	Ølve

VALKOMITÉ:

Medlem

Kjell Yri	Uskedalen	Leiar
Asbjørn Soltveit	Rosendal	Nestleiar
Terje Eikemo	Utåker	
Lars Arne Revne	Ølve	
Anne Elisabeth Enes	Ænes	

Om SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Bakgrunn

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad vart skipa 1. november 2010 med forretningskontor i Kvinnherad Kommune. Forstandarskapet i Kvinnherad Sparebank og representantskapet i SpareBank 1 SR-Bank gjorde i møter den 28. juni 2010 vedtak om at dei interesser som bankane representerte ville vera best tente med at sparebankverksemda i Kvinnherad Sparebank vart overteken og vidareført gjennom SpareBank 1 SR-Bank, og at Kvinnherad Sparebank etablerte ei stifting som skal fremja sparebankverksemd i Kvinnherad Sparebank sitt marknadsområde gjennom å eiga eigenkapitalbevis og disponera utbyte til ålmennyttige føremål.

Føremål

Stiftinga sitt føremål er å forvalta eignelutar som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i SpareBank 1 SR-Bank ASA.

Stiftinga skal i tillegg plassera midlane på ein føremålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til trygd, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Stiftinga sitt føremål skal vidare vera å gje bidrag til ålmennyttige føremål.

Ved disposisjonane sine skal stiftinga først og fremst ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Kvinnherad Sparebank.

Ved verksemda si skal stiftinga støtta SpareBank 1 SR-Bank ASA i deira vidareføring av sparebanktradisjonane.

Elles kan stiftinga stå for anna verksemd som kan sameinast med nemnde føremål og dei rammer som til ein kvar tid fylgjar av regelverket for sparebankstiftingar.

Kapital

Stiftinga vart skipa med ein samla kapital på kr 350 000 000 fordelt på 6 069 934 aksjar, kvar pålydande kr 25, i SpareBank 1 SR-Bank ASA og eit kontantbeløp på kr 20 000 000. Grunnkapitalen er på kr 151 748 350.

Aksjar og andre verdjar som stiftinga måtte få utover dei eignelutar som stiftinga vart tilført ved skipinga som vederlag for bokførte verdjar i Kvinnherad Sparebank, kan nyttast av styret innan dei rammer som vedtektene set eller som elles er trekte opp av generalforsamlinga.

Styret si årsmelding for 2016

(Tal i parentes er for året 2015)

Aktivitetar i 2016

Viktige aktivitetar i året 2016 har mellom anna vore:

- Handsaming av 206 (173) søknader og tildeling av 126 (89) gåver på til saman 9,02 (6,6) millionar kroner
- Vidareutvikling av internkontrollsystem, finansstrategi og styringsdokument i stiftinga

Generalforsamlinga har hatt 1 (2) møter og styret 15 (13) møter i 2016.

Resultatrekneskapet 2016

Rekneskapet syner eit driftsresultat på – 2 394 296 (- 1 904 501) kroner.

Resultatet i året vart 98 875 505 (- 69 655 116) kroner etter finansinntekter og reversering av verdien på finansielle anleggsmiddel.

Dei 6 069 934 eigenkapitalbevisa i SpareBank 1 SR-Bank stiftinga tok i mot ved skipinga hadde opphavleg samla verdi 330 000 000 kroner. SpareBank 1 SR-Bank vart 1. januar 2012 omdanna frå eigenkapitalbevisbank til allmennaksjeselskap - ASA. Stiftinga vart i samband med dette tildelt 1 aksje for kvart eigenkapitalbevis vi eigde.

Endringar i marknadsverdien av aksjane i SpareBank 1 SR-Bank ASA har stor påverknad på stiftinga sitt årsresultat. På grunn av stor auke i aksjekursen 2016, har stiftinga fått ein reversering av tidlegare nedskrivingar på dei finansielle anleggsmidlane i SpareBank 1 SR-Bank ASA 91 451 594 (- 80 881 871) kroner. Noko som er med på å forklara det gode resultatet for 2016.

Stiftinga fekk i 2016 utbetalt 9 339 874 (12 453 166) kroner i utbyte frå SpareBank 1 SR-Bank ASA for 2015. Stiftinga hadde i tillegg renteinntekter på 502 883 (678 090) kroner.

Kapitalen

Eiga var ved årsskiftet 368 298 802 (276 849 177) kroner. Den store auken skuldast tilbakeføring av tidlegare nedskreve verdi på aksjane i SpareBank 1 SR-Bank ASA.

Aksjekurs nytta ved årsskiftet var kr 60,75.

Grunnkapitalen er 151 748 350 kroner. Årsresultatet, 98 875 505 (-69 655 116) kroner, er overført til annan eigenkapital som etter dette er 148 317 474 (78 441 969) kroner. 15 000 000 kroner er overført til gåvefond, og det vart avset 14 000 000 kroner til gåver.

Stiftinga sine almennyttige gåvetildelingar er viktige for lokalsamfunna. Det er overskot å disponera i 2016, og likviditeten til stiftinga er god. Det er difor gjort framlegg om å nytta 14 000 000 kroner av overskotet til gåver for tildeling hausten 2017 og våren 2018. 7 000 000 kroner kvar periode. Gåvefondet har auka frå 29 301 910 kroner til 44 301 910 kroner.

Hovuddelen av kapitalen til stiftinga er aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA.

Stiftinga eig 6 069 934 aksjar tilført ved skipinga til kostpris 330 000 000 kroner.

Marknadsverdi var ved årsskiftet 368 748 491 (238 548 406) kroner. Resultatført verdiendring i 2016 er 91 451 594 (- 80 881 871) kroner.

Stiftinga kjøpte 156 649 aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA ved emisjonen i 2012. Kostpris for desse var 4 229 523 krone. Marknadsverdi ved årsskiftet var 9 156 427 (6 156 306) kroner. Resultatført verdiendring er her 0 kroner.

Marknadsverdien av aksjane våre i SpareBank 1 SR-Bank ASA var såleis ved årsskiftet til saman 378 264 918 (244 704 712) kroner.

Styret kan ikkje selja av dei 6 069 934 aksjane i SpareBank 1 SR-Bank ASA som vart tilført ved skipinga, utan fullmakt i generalforsamlinga og godkjenning frå Finanstilsynet.

Likviditeten til stiftinga er god.

Gåveutdelingar i 2016

Våren 2016

Styret handsama 108 (94) søknader om til saman ca. 13,4 (13,9) millionar kroner i gåver. Det vart tildelt 64 (41) gåver, i sum 4,885 (2,935) millionar kroner

Hausten 2016

Styret handsama 98 (79) søknader om til saman ca. 10,9 (10,1) millionar kroner i gåver. Til saman vart det tildelt 64 (48) gåver, i sum 4,140 (3,665) millionar kroner.

I tillegg vurderte styret gåver til gode tiltak utan at de førelåg søknad. Det vart tildelt 12 slike gåver i 2016.

Styret har reservert, men ikkje tildelt, 750 000 (2 000 000) kroner av ramma hausten 2016 til ny idrettshall på Husnes dersom prosjektet vert realisert. Hausten 2015 reserverte styret 1 250 000 kroner til same prosjekt. Tildeling krev ny styrehandsaming.

Styret har også reservert, men ikkje tildelt, 350 000 kroner av ramma hausten 2016 til allmennyttig næringsutvikling.

Oversyn tildelte gåver våren 2016 og hausten 2016 er del av denne årsmeldinga.

Tilsette

Stiftinga har dagleg leiar tilsett i 60 % stilling frå 01.01.2016 – 31.12.2016.

Stiftinga har også hatt Daniel Morso tilsett 50% i administrasjonen frå 01.09.2016 – 31.12.2016. Daniel Morso overtek som dagleg leiar frå 01.01.2017 i 50% stilling

Administrative tilhøve

Styret i stiftinga har vedteke at kontorstaden skal vera Husnes, og har inngått leigekontrakt med Kest Eiendom AS om leige av kontor i Stabburshaugen 5, 5460 Husnes.

iDrift AS er engasjerte som leverandør av IT-tenester, både utvikling og drift.

Tveit Regnskap AS er engasjert som lønsskontor og rekneskapsfører.

Deloitte AS er engasjert som revisor. Stiftinga nyttar Selmer DA som juridisk rådgjevar.

Indre og ytre miljø

Det har ikkje vore sjukefråvær. Det har ikkje vore noko å utsetja på arbeidsmiljøet. Aktivitetane til stiftinga har ikkje ureina ytre miljø, og representerte heller ikkje risiko for slik ureining.

Utviklingen i norsk og internasjonal økonomi - 2016

2016 var et år preget av store omveltninger på den politiske scenen. Med blant annet «Brexit» går den globale økonomien en mer usikker fremtid i møte. For Norges del ble utviklingen spesielt preget av den pågående omstillingsprosessen som var en sentral årsak til at veksten endte på det svakeste siden finanskrisen.

Global utvikling

Fjoråret ble innledet med betydelig markedsturbulens og frykt for ny global krise. Usikkerhet om Kinas økonomiske situasjon var en av faktorene som førte til at oljeprisen falt ned til under 30 USD per fat i januar. Gjennom året steg oljeprisen til noe over 50 USD fatet, etter blant annet enighet om produksjonskutt i OPEC-landene mot slutten av året. Verdens børser endte, etter den svært svake starten, med en god utvikling sett under ett.

I eurosonen endte veksten i 2016 på 1,7 prosent, hvilket var en lavere veksttakt enn det foregående året. Utviklingen var imidlertid bedre enn ventet og ble trukket opp av økt vekst i privat forbruk som følge av lav inflasjon og derigjennom høyere vekst i husholdningenes realinntekt. Fremover er det derimot utsikter til økt prisvekst som vil kunne avdempe denne positive utviklingen. I tillegg er det betydelig usikkerhet knyttet til Storbritannias fremtidige handelsavtale med EU og ikke minst i forbindelse med valg i flere europeiske land gitt populariteten til EU-skeptikere. Den europeiske sentralbanken har fremholdt sin svært ekspansive pengepolitikk med negativ styringsrente kombinert med kjøp av store volumer verdipapirer («kvantitative lettelsers»). Kjøpsprogrammet skal vare ut 2017, men kan forlenges dersom sentralbanken anser det som nødvendig.

Det økonomiske bildet i USA er vesentlig bedre enn i eurosonen. 2016 var riktignok preget av et svakt første halvår, men aktiviteten tok seg opp mot slutten av året. Arbeidsmarkedet har hatt en positiv utvikling over en lengre periode og inflasjonen har begynt å stige. Som en konsekvens har sentralbanken FED økt styringsrenten to ganger, i desember 2015 og desember 2016. Det ventes at FED vil øke renten ytterligere fremover, men antall hevinger vil trolig begrenses av hensynet til verdien av USD gitt den ekspansive pengepolitikken i eurosonen, Storbritannia og Japan. Samtidig er det ventet en betydelig mer stimulerende finanspolitikk etter skiftet av president i USA. Potensielt høyere aktivitet og prisvekst vil tale for et høyere amerikansk rentenivå.

Veksten i fremvoksende økonomier endte i 2016 på 4,1 prosent, betydelig over veksten i industriland. Kina bidrar vesentlig til denne utviklingen og har foreløpig unngått en hard landing, som følge av blant annet en mer ekspansiv pengepolitikk og god forbruksvekst. For å nå myndighetenes vekstmål er imidlertid kreditt og investeringer sentrale bidragsfaktorer, noe som kan gi økt risiko på sikt. Dette hindrer også omstillingen mot forbruk som en hoveddriver for den økonomiske aktiviteten. I tillegg eksisterer det andre risikomomenter, som myndighetenes tiltak for å stanse boligspekulasjon samt økte kapitalstrømmer ut av landet, gitt høyere dollarrenter og forventninger om svakere yuan.

Norsk økonomi

Veksten i norsk fastlandsøkonomi endte på 0,7 prosent i 2016, en nedgang fra 1,1 prosent i 2015. Dette var det svakeste året siden finanskrisen og bærer preg av at økonomien befinner seg i en omstillingsprosess. Utsiktene fremover vurderes som positive, men det eksisterer endel usikkerhet om hvor raskt aktiviteten vil ta seg opp.

Oljeprisen bunnet ut i januar 2016, mens steg deretter gjennom året. Dette var godt nytt for en petroleumsnæring som fortsatt befinner seg i en krevende situasjon. En høyere oljepris har ført til en sterkere krone, noe som har redusert konkurranseevnen til tradisjonell eksportnæring i senere tid. Kronen er dog svakere enn i perioden før oljeprisen begynte å falle høsten 2014. Oljeinvesteringene ble ytterligere redusert i 2016. Nivået falt, i likhet med det foregående året, med om lag 15 prosent. Ifølge Norges Bank vil investeringsnivået reduseres med i overkant av 11 prosent i 2017, hvilket vil ha en negativ påvirkning på veksten i norsk økonomi.

Med økt arbeidsledighet og lav aktivitet i økonomien generelt var det ventet at veksten i boligprisene skulle avdempes som i 2015. Som følge av blant annet lavere boliglånsrenter snudde prisutviklingen imidlertid oppover, og endte med en vekst på 8,3 prosent for landet som helhet. Utviklingen var preget av regionale forskjeller, med svært kraftig vekst i Oslo og negativ vekst på Sør-Vestlandet, som er blitt hardest rammet av virkningene av oljeprisfallet. Myndighetene har lenge vært bekymret for utviklingen i boligprisene, særlig ettersom det bidrar til å øke husholdningenes gjeldsvekst. For å begrense veksten besluttet Finansdepartementet å skjerpe kravene i boliglånsforskriften fra og med 1. januar 2017. Endringene inkluderer en maksimalramme på lån tilsvarende fem ganger brutto inntekt og mer restriktive regler for Oslo. Boliglånsforskriften gjelder frem til 30. juni 2018.

Pengepolitikken ble holdt svært ekspansiv gjennom 2016. Hovedstyret i Norges Bank gjennomførte ett rentekutt i mars, fra 0,75 prosent til 0,5 prosent. Sentralbanken har ikke lagt opp til videre reduksjon av styringsrenten i sin prognose, men utelukker heller ikke et negativt rentenivå skulle norsk økonomi treffes av store negative forstyrrelser.

Utover det rekordlave rentenivået bidrar også finanspolitikken positivt til veksten. Det strukturelle, oljekorrigerte underskuddet, som måler den underliggende pengebruken av oljeinntektene, anslås å ha økt til 206 milliarder kroner i 2016. For 2017 anslås dette underskuddet å øke til 226 milliarder kroner. Målt som andel av trend-BNP for Fastlands-Norge innebærer dette en vekstimpuls på 1 prosent i 2016 og 0,4 prosent i 2017. I forhold til kapitalen i Statens pensjonsfond utland (målt ved inngangen til året) vil underskuddet utgjøre 3 prosent i 2017, noe som er 1 prosentpoeng mindre enn handlingsregelen for bruk av midler fra fondet i statsbudsjettet tillater.

SpareBank 1 SR-Bank ASA har no overført utbytte til stiftinga for 2016 med kroner 2,25 (1,5) pr. aksje, totalt 14 009 812 (9 339 875) kroner


Nesten alle aksjane våre i SpareBank 1 SR-Bank ASA er del av grunnkapitalen og kan etter lovverk og vedtekter ikkje seljast utan etter vedtektsendring i generalforsamlinga og deretter særskilt løyve frå Finanstilsynet. Vår hovudinntektskjelde er og skal vera utbyte frå desse aksjane.

At SpareBank 1 SR-Bank ASA held fram med god drift og ter seg slik at kundane vil nytta banken vil vera avgjerande for økonomien og aktivitetane til stiftinga frametter.

Husnes 15.05.2017


Styret i SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad


Svein Arne Eidsvik
Styreleiar


Frøydis Johanne Sjo Fjellhaugen
Styrenestleiar


Synnøve Solbakken
Styremedlem


Jorunn K Nordtveit
Styremedlem


Daniel Morso
Dagleg leiar

Referanseid	Organisasjons	Namnet til laget/organisasjonen	Kva vert prosjektet/tiltaket kalla?	Tildeling (i 1000)
201601-812	915222978	HVØ-Pensjonistlag	innkjøp av mikrofoner	10
201601-827	988095869	Stord Røde Kors	Eldretur til Fjellstova	15
201601-x05	971020962	Stord Idrettslag Handballgruppe	Stord United	15
201601-x06	985167079	Odda I.L Helseport	Lagsaktivitetane	15
201601-828	975834662	Odda Røde Kors Hjelpekorps	Lokal nødnettoppgradering	20
201601-836	971355956	Sagvåg musikklag	Inspirasjonsprosjekt for ungdom	20
201601-882	993793345	Kvinnherad lokallag av NFU	Aktivitetsdag for personar med nedsett funksjons	20
201601-x01	996235629	Valen Kyrkjelydslag	Sosiale kveldar for ungdom	20
201601-x02	995070790	Husnes Indremisjon - KRIK	KRIK - Ungdomsarbeide	20
201601-835	995399415	Kvinnherad Røde Kors	Møteplass for integrering, Kvinnherad Røde Kors	25
201601-843	994225618	Seimsfoss Helselag	benker til turstier	25
201601-888	993442771	Matre Idrettslag	Renovering av fotball-/idrettsbane i Matre.	25
201601-894	993480738	Omvikdalen Bygdekvinnelag	Etablering av vevstove og teknisk utstyr	25
201601-895	993741663	Uskedal IL Skigruppa	Aktive born og unge på langrennski	25
201601-819	993600989	Kvinnherad Handballklubb	Klubb-drakt til HU-laget	30
201601-868	993461059	Matre Bygdalag	Vidareutvikling av Dranesparken, vanntampoline	30
201601-878	998042542	KVINNHHERAD BADMINTONKLUBB	Prosjekt oppdatering av utstyr	30
201601-893	893243372	Venelaget for Hagerupshuset	Oppgradering av inventar	30
201601-905	916900538	Mental Helse Ungdom - Stord	Hjelp for ungdom	30
201601-890	993939447	Halsnøy Idrettslag	Utstyr	35
201601-821	996533247	Ungdomslaget Stordabuen	Oppussing av kjellaren	40
201601-831	913423909	Rosendal Ungdomsklubb	Oppdatering av utstyr	40
201601-873	916585616	Kvinnherad idrettsråd	Medaljar til kvinnheradsmeistrar i idrett	40
201601-889	983839509	Idrettslaget Solid, handballgruppa	Oppstart - handballgruppe	40
201601-901	979201001	Rommetveit skulekorps	Uniform og bannere	40
201601-918	988338559	Judo Klubb Stord	Etterutdanning og nyutdanning av trenere	40
201601-814	983771645	Rosendal Turnlag - fotball	Kompetanseheving	50
201601-824	988095869	Stord fitjar Rødekors Hjelpekorps	innkjøp av rednings utstyr og kursing av medlemn	50
201601-846	993543314	Husnes Musikklag	Fornyng av instrument	50
201601-848	991056785	Omvikdalen idrettslag	Ein aktiv gymsal	50
201601-862	985536910	Omvikdalen Ungdomslag	Nye bord og stolar	50
201601-900	993741663	Uskedalen Idrettslag (klatregruppa)	Aktiv klatring i Uskedalen	50
201601-907	986805222	Festidalen	Lambasleppet	50
201601-913	985292353	Herøysund Bygdalag	Herøysundpila	50
201601-811	983647472	HUSNES SKULEKORPS	Felles seminarhelg	55
201601-818	993600989	Kvinnherad Handballklubb	Handballutstyr	60
201601-851	993553409	Varaldsøy bedehus/Varaldsøy misjonst	Skitte blank kabel. Innstalere varmpumpe møte	60
201601-879	993414840	Rosendal Musikklag	Fornyng kvalitetssikring av grunlaget	65
201601-854	993741663	Uskedal idrettslag	Fornyng i turngruppa	70
201601-817	916523599	Løkjelsøy, Kolsøy og Valøy Venelag	Ny Brygge og Grillhus Løkjelsøy	75
201601-855	985257280	Rosendal skulekorps	Gode instrument til alle	75
201601-896	885412912	Uskedalen skulemusikk	Nye instrument til Uskedalen skulemusikk	75
201601-902	971020962	STORD TURN/IDRETTSLAG - HANDB G	Trenarkompetanse	75
201601-847	985292353	Herøysund Bygdalag	Drenering rund Grendahuset	80
201601-839	880686682	Sunde Grendalag	Filmkalender rundt Sunde si historie	95
201601-815	996718700	Venelaget for Halsnøy Kloster	Restaurering av Haugaståva	100
201601-858	986223983	Tyssedal Røde Kors Hjelpekorps	Anskaffelse av ATV	100
201601-869	896937472	Interesselaget for galeas Gurine	Restaurering av galeas Gurine	100
201601-884	984676298	Røldal Idrettslag	Røldal Skiarena, lysløype, turløype/aktivitetspark	100
201601-899	959491860	Rosendal Samfunnshus BA	Den fine rammen rundt forestillingen	100
201601-910	989633759	Venelaget for Gruo	Restaurering av heistårnet Stordø Kisgruber	100
201601-x04	964967636	Kvinnherad Ungdomssenter	Nytt skateanlegg	100
201601-829	964967636	Kvinnherad ungdomsenter	Rustørebbygginge ungdomsarbeid.	115
201601-870	916863101	Halsnøy Ungdomsklubb	Oppgradering av innvetar og elektrisk anlegg	130
201601-850	994272136	Ølve Bygdalag	Heile hopen i Krabbahopen	150
201601-909	974249138	IL Trio	Nye lys	150
201601-912	912428737	Maurstiens venner	Bygging av lavvo i Aktivitetsparken	150
201601-914	993741663	Uskedal IL	Gull av grus	150
201601-813	880686682	Sunde grendalag	Prosjekt Kaldestadåsen	200
201601-898	912667421	Aktivitetsparken	Tufteparken	200
201601-x03	964967636	Alle omsorgssonane i Kvinnherad	Ekstra tiltak for brukarane	200
201601-876	914211085	Dalen Vel	Bygging av aktivitetsløype.	250
201601-844	994573357	Kvinnherad Hageselskap	Sansehagen ved Husnestunet	300
201601-916	997226763	Rosendal idretts- og fritidspark	Tufteparken B	300

Referanseid	Organisasjons	Namnet til laget/organisasjonen	Kva vert prosjektet/tiltaket kalla?	Tildeling
201602-0922	917 226 865	IPX	IPX	10 000
201602-0942	971 356 545	Husnes vekst	Turveg i Husnesparken	10 000
201602-0919	911 791 013	Internasjonalt kor i Odda	Vinterkonsert	15 000
201602-0923	985 235 597	LHL Kvinnherad	Dans for betre helse	15 000
201602-0992	985 292 353	Herøysund Bygdalag	Naudsynt oppgradering av tilbygg på Grendahuset	15 000
201602-0975	994 775 588	Kvinnherad sogelag v/ Krigshistorisk g	Hardangerfjord Sjøforsvarsavsnitt 1940	15 000
201602-0937	994 225 618	Seimsfoss Helselag	Skilting av turstier	15 000
201602-1012	880 686 682	Sunde Grendalag	Sunde nærmiljøanlegg	15 000
201602-0986	995 399 415	Kvinnherad Røde Kors Omsorg	Sosial hygge og samvær for eldre og einslege	15 000
201602-0947	893 863 362	Lauvsprett 4H	Oppgradering av teknisk utstyr i Lauvsprett 4H	15 000
201602-0959	974 249 138	IL Trio	Nye bord og stoler til Triohuset	15 000
201602-0944	912 688 410	Stord badmintonklubb	Treningsutstyr og utvikling av trenere/spillere	20 000
201602-1001	993 414 840	Rosendal Musikklag	Fornyng av instrument	20 000
201602-0967	993 461 059	Matre Bygdalag	Vidareutvikling av Dranesparken	20 000
201602-x003	999 565 549	Hamna Utvida Opning	Innkjøp i høve jul	20 000
201602-0984	985 536 910	Omvikdalen Ungdomslag	Oppgradering av festsal	20 000
201602-0941	993 480 738	Omvikdalen Bygdekvinneleg	Tiltak i barnehage	20 000
201602-0998	974 249 138	Trio idrettslag OnsdagsGjengen	Verktøy til OnsdagsGjengen	20 000
201602-0976	989 419 501	ÆNES GRENDALAG	Oppgradering av Grendahuset på Ænes	20 000
201602-x005	981 099 664	Varaldsøy Sanitetslag	Eldrearbeidet	20 000
201602-0990	974 249 138	IL Trio fotball	Nytt merkeutstyr til fotballbane	25 000
201602-0991	993 797 073	Stordkoret	Johannes Brahms: Ein Deutsches requiem	25 000
201602-0989	993 571 148	IL Strand- Ulv	Strand-Ulv lagshus Byggetrinn 2	25 000
201602-1000	896 937 472	Interesselaget for galeas Gurine	Restaurering av galeas Gurine	25 000
201602-0977	884 392 942	Lions Klubb Halsnøy	Ung Meistring	25 000
201602-0956	998 778 239	HATLESTRAND BYGDELAG	Hjartestartar	30 000
201602-1019	993 741 663	Uskedal idrettslag	Skistavsentral	30 000
201602-0987	983 470 343	Stord Bordtennisklubb	Utstyr bordtennishallen	30 000
201602-0940	983 771 645	Rosendal turnlag - fotball	Kontorutstyr	30 000
201602-0957	993 543 314	Husnes Musikklag	Fornye og supplere uniformer og utstyr	35 000
201602-x001	975 834 662	Odda Røde Kors Hjelpekorps	Hjelpekorpsutstyr	40 000
201602-1003	993 480 738	Omvikdalen Bygdekvinneleg	Teknisk utstyr	50 000
201602-1017	993 741 663	Uskedal idrettslag	Fotballmål på Heio Stadion	50 000
201602-1016	998 835 410	Perlo kajakkklubb	Kursaktivitetar for ungdom	50 000
201602-0963	991 272 399	Utåker Bygdalag	Opprustning av uteområdet til utåker bygdahus	50 000
201602-0979	983 839 509	Idrettslaget Solid	Utstyr til turngruppene	50 000
201602-0971	974 249 138	Trio Idrettslag	Nytt turnutstyr	50 000
201602-0980	993 486 949	Uskedal Helselag	Turstier og treningsapparater	50 000
201602-x006	996 124 789	Barnehageborn og skuleelevar	3000 refleksvestar	50 000
201602-0945	981 957 326	Kvinnherad motorsportklubb	Toalett anlegg	60 000
201602-0999	973 943 286	Kulturhuset Husnes	Fornyng av lysutstyr	65 000
201602-0955	893 158 332	Kvinnherad Motorsykelklubb	Oppgradering av inventar	70 000
201602-x002	986 223 983	Tysedal Røde Kors Hjelpekorps	Hjelpekorpsutstyr	70 000
201602-x004	987 035 706	Valestiftinga - Brubbyggjarane	Brubbyggjarane	75 000
201602-0949	993 543 314	Husnes Musikklag	Opplæring på melodisk slagverk	75 000
201602-0996	885 412 912	Uskedalen skulemusikk	Oppstart av: glederen - ei musikalsk helsing	80 000
201602-0924	997 713 486	Sandvoll Historielag	Renovasjon av tilbygg/sanitæranlegg på Gamleskolen	80 000
201602-0964	964 967 636	Kvinnherad Frivilligsentral, seniorgrup	Fast dekke rundt paviljongen	80 000
201602-0950	972 386 766	Stord IL-Friidrett	Fornyng av stavmatte	80 000
201602-0925	993 741 663	USKEDAL IDRETTSLAG	Bli høyr	80 000
201602-1009	884 031 052	Odda orienteringslag	Stolpejakta	80 000
201602-0920	917 503 176	Kvinnherad Sykkelklubb	Utstyr	100 000
201602-0988	994 263 102	Husnes KFUK-KFUM speidarar	Lys og brannsikring av uteplass	100 000
201602-0981	998 042 542	KVINNHHERAD BADMINTONKLUBB	Badminton i skolene	100 000
201602-0932	970 516 107	Tysedal Turn & Idrettslag	Utbedring av skianlegg Åsen	150 000
201602-0927	974 249 138	Idrettslaget Trio, volleyball	Utstyr til volleyballtrening	175 000
201602-0960	992 682 655	Interesseforeningen Høylandsbygd B	Anskaffelse av nytt akustisk og digitalt piano	200 000
201602-0969	984 024 282	IL Trio Symjegruppa	Oppgradering av IL Trio Symjegruppa	200 000
201602-0995	993 523 100	Røldal Røde Kors Hjelpekorps	Hjartestartar	200 000
201602-0994	995 399 415	Kvinnherad Røde Kors	Oppussing av Røde Kors hytte	300 000
201602-1007	983 771 645	Rosendal Turnlag	Nyetablering & opprusting av Rosendal Stadion	300 000
201602-0966	995 269 155	Stord Fotball	Klubbhus Stord Fotball	365 000

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Rekneskap 2016

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Resultatrekneskap

NOTAR	DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2016	2015
3	Lønskostnad	1 443 389	1 179 308
7	Avskrivning på varige driftsmidler	22 408	20 484
3	Annan driftskostnad	928 499	704 709
	Sum driftskostnader	<u>2 394 296</u>	<u>1 904 501</u>
	Driftsresultat	<u>-2 394 296</u>	<u>-1 904 501</u>
	FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
	Anna renteinntekt	502 883	678 090
	Anna finansinntekt	9 339 875	12 453 166
6	Verdiendring av finansielle anleggsmiddel	91 451 594	-80 881 871
	Annan finanskostnad	24 550	0
	Resultat av finansposter	<u>101 269 802</u>	<u>-67 750 615</u>
	Resultat i året	<u>98 875 505</u>	<u>-69 655 116</u>
	OVERFØRINGAR		
	Avsett til annan egenkapital	69 875 505	-69 655 116
	Avsetjing til gåvefond	15 000 000	0
	Avsetjing til gåver	14 000 000	0
5	Sum overføringer	<u>98 875 505</u>	<u>-69 655 116</u>

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Balanse pr. 31. desember


NOTAR	EIGA	2016	2015
	Anleggsmidler		
	Varige driftsmiddel		
7	Driftslausøre og inventar	44 832	35 847
	Sum varige driftsmiddel	<u>44 832</u>	<u>35 847</u>
	Finansielle anleggsmidler		
6	Investeringar i aksjar	330 000 000	238 548 406
	Sum finansielle anleggsmidler	<u>330 000 000</u>	<u>238 548 406</u>
	Sum anleggsmidler	<u>330 044 832</u>	<u>238 584 253</u>
	Omløpsmiddel		
	Krav		
	Andre kortsiktige krav	15 703	13 066
	Sum krav	<u>15 703</u>	<u>13 066</u>
	Investeringar		
6	Andre finansielle instrument	4 229 523	4 229 523
	Sum investeringar	<u>4 229 523</u>	<u>4 229 523</u>
2	Bankinnskot, kontantar og liknande	<u>34 008 744</u>	<u>34 022 335</u>
	Sum omløpsmiddel	<u>38 253 970</u>	<u>38 264 924</u>
	SUM EIGA	<u>368 298 802</u>	<u>276 849 177</u>


SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad


Balanse pr. 31. desember

NOTAR	EIGENKAPITAL OG GJELD	2016	2015
	Eigenkapital		
	Innskoten eigenkapital		
	Grunnkapital	151 748 350	151 748 350
	Sum innskoten eigenkapital	<u>151 748 350</u>	<u>151 748 350</u>
	Opptent eigenkapital		
	Gåvefond	44 301 910	29 301 910
	Annan eigenkapital	148 317 474	78 441 969
	Sum opptent eigenkapital	<u>192 619 384</u>	<u>107 743 879</u>
5	Sum eigenkapital	<u>344 367 734</u>	<u>259 492 229</u>
	Kortsiktig gjeld		
	Leverandørgjeld	82 763	19 958
	Skuldige offentlege avgifter	172 752	154 578
4	Avsett til gåveutdeling	23 585 000	17 110 000
	Annan kortsiktig gjeld	90 552	72 412
	Sum kortsiktig gjeld	<u>23 931 067</u>	<u>17 356 948</u>
	Sum gjeld	<u>23 931 067</u>	<u>17 356 948</u>
	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	<u>368 298 802</u>	<u>276 849 177</u>


Husnes, 15/5 2017


Svein Arne Eidsvik
styreleiar


Frøydis Johanne Sjø Fjellhaugen
nestleiar


Synnøve Solbakken
styremedlem


Jorunn Kjellfrid Nordtveit
styremedlem


Daniel Morso
dagleg leiar

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Notar til rekneskapen 2016

Note 1 – Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og NRS 8 – God rekneskapsskikk for små føretak. Rekneskapsprinsippa følgjer under.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eiga og gjeld

Eiga bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Annan eiga er klassifisert som omløpsmidlar. Krav som skal attendebetalast innan eitt år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande reglar lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurdert til kostpris, korrigert for nedskrivningar og avskrivningar. Nedskrivning vert gjort når forskjellen mellom verkeleg verdi og bokført verdi er vesentleg, og verdifallet ikkje er forventa å vere av forbigåande art. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid blir avskrivne planmessig.

Børsnoterte finansielle anleggsmiddel vert vurdert til det lågaste av marknadsverdi og kostpris.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje skrivne opp til verkeleg verdi som følge av renteendring.

Gåvefond er klassifisert som eigenkapital. Det er generalforsamlinga som gjev styret fullmakt til utdeling av gåvefondet.

Stiftinga utøver ikkje skattepliktig verksemd.

Note 2 – Bankinnskot

Av likvidar i balansen pr. 31.12. utgjer bundne midlar i skattetrekk kr 118.825. Beløpet dekkjer skuldig skattetrekk pr. 31.12.

Note 3 – Lønskostnad, tilsette, godtgjersle m.m., lån til tilsette m.m.

Lønskostnad	2016	2015
Løn	756.383	578.783
Andre honorar	502.084	445.000
Folketrygd	137.720	112.445
Pensjonskostnader	37.801	30.356
Andre ytingar	9.401	12.724
Sum	<u>1.443.389</u>	<u>1.179.308</u>
Antall årsverk sysselsett i rekneskapsåret	<u>0,6</u>	<u>0,6</u>

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Notar til rekneskapen 2016

Note 3 forts. – Lønskostnad, tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Ytingar til leiande personar	Daglig leiar	Styret/GF
Løn	582.569	502.084
Anna godtgjersle	5.883	
Kostnader til revisor:	2016	2015
Lovpålagt revisjon	33.750	31.250
Skatterådgjeving	9.375	0
Andre tenester utanfor revisjonen	0	17.500
Sum	<u>43.125</u>	<u>48.750</u>

Alle tal er oppgjevne inklusiv mva.

Note 4 – Gåveutdelingar

	2016	2015
Tildelte, ikkje utbetalte gåver 1.1.	700.000	600.000
Tildelte gåver	9.025.000	6.600.000
Utbetalte gåver	<u>-7.525.000</u>	<u>-6.500.000</u>
Tildelte, ikkje utbetalte gåver 31.12.	2.200.000	700.000
Resultat 2016 tilordna gåver	14.000.000	0
Tidlegare avsett gåveutdeling, ikkje tildelt 31.12.	7.385.000	6.410.000
Frigjeve fra gåvefond 2015 til gåveutdeling i 2016 og 2017	0	10.000.000
Totalt gåver til utdeling 31.12.	<u>23.585.000</u>	<u>17.110.000</u>

Note 5 – Eigenkapital

	Grunnkapital	Annan EK	Gåvefond	Sum EK
Eigenkapital 1.1.2016	151.748.350	78.441.969	29.301.910	259.492.229
Resultat i året		83.875.505	15.000.000	98.875.505
Avsett til gåver		-14.000.000		-14.000.000
Eigenkapital 31.12.2016	151.748.350	148.317.474	44.301.910	344.367.734

- Av vedtekne og tildelte gåver i 2016 er det kr 2.200.000 som framleis ikkje er utbetalt. Desse er klassifisert som gjeld i rekneskapen.

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Notar til rekneskapen 2016

Note 6 – Aksjar i Sparebank 1 SR-Bank

	Antal	Eigardel	Kostpris	Marknads- verdi	Verdiendring
Sparebank 1 SR-Bank 1)	6.069.934	2,37 %	330.000.000	368.748.491	91.451.594
Sparebank 1-SR Bank HFO 2)	156.649	0,06 %	4.229.523	9.516.427	0
Sum	6.226.583	2,43 %	334.229.523	378.264.918	91.451.594

1) Aksjane er klassifisert som anleggsaksjar.

2) Aksjane er klassifisert om omløpsaksjar.

Note 7 – Varige driftsmidlar

	Kontor- maskiner
Anskaffingskost pr. 1.1.	61.477
Tilgang i året	31.393
Avgang til anskaffingskost	0
Anskaffingskost pr. 31.12.	92.870
Akkumulerte avskrivningar pr. 31.12.	48.038
Bokført verdi pr. 31.12.	44.832
Avskrivningar i 2016	22.408

Forventa økonomisk levetid

3 år

Avskrivningsplan

Lineær

Til generalforsamlinga i Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 98.875.505. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2016, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2016, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og daglig leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og daglig leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskaps-estimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetjing av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om stiftinga si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at stiftinga ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gjev eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.


Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om forvalting

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet overfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (*ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon»*, meiner vi stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtektene for øvreg.

Bergen, 15. mai 2017
Deloitte AS



Jon-Osvold Harila
statsautorisert revisor